



Stad kommune

Planstrategi

Stad kommune 2020-2023



Arkivsak: 19/741

Versjon dato: Forslag, 13.11.2019

Innhold

1 Innleiing	2
2 Oppbygging av plansystemet i kommunen	3
3 Planarbeid 2020-2023	5
4 Retningslinjer for planarbeid	7
5 Eventuell revisjon av planstrategien	7

1 Innleiing


Dette er den første planstrategien til Stad kommune. Ein planstrategi handlar om plansystemet og kva planar vi skal styre etter.

Planane seier noko om kva Stad kommune vil og kva rolle kommunen ønskjer å ha i utviklingsarbeidet.

Nokon planar er overordna, andre er meir detaljerte. Ein del av planane er utarbeidd i tråd med reglane i plan- og bygningslova, andre ikkje.

Planane og innhaldet i desse dannar kommunen sin plattform for samarbeid med andre aktørar i lokalsamfunnet og i regionen. Gjennom planprosessane etablerer vi ei felles forståing for kva som skal til for at kommunen skal utvikle seg i ønska retning. Slik kan vi alle bidra til å setje i verk målretta tiltak.

Illustrasjonen syner dei delane som må vere med i eit plansystem for å knyte kunnskap til handling.



Figur 1: Planlegging – vegen til ein god plan

For Stad kommune vil det vere viktig å aktivt legge til rette for å vere ein attraktiv stad å bu, arbeide, drive næring og besøke. Kva kan vi sjølv gjere? Kva må vi samarbeide med andre om?

FN sine berekraftsmål vil vere Norge sitt hovudspor for å ta tak i dei største utfordringane i vår tid.



Figur 2: FN sine bærekraftsmål¹


Stad kommune vil bruke FN sine bærekraftsmål aktivt i planlegginga. Arbeidet som vert gjort nasjonalt og regionalt vil bli følgt opp.

2 Oppbygging av plansystemet i kommunen

Plansystemet består av planar på overordna nivå og planar på meir detaljert nivå. Planane er alt frå heilskaplege og langsiktige til avgrensa og kortsiktige. Det dei har til felles er at dei handlar om å endre dagens situasjon.

Den overordna planlegginga i kommunen skal bidra til å skape felles forståing for utviklingstrekk og utfordringar, og til å utvikle felles mål og strategiar for å nå desse. Det er typisk for den strategiske planlegginga at den er langsiktig og heilskapleg. Den strategiske planlegginga vert følgt opp av meir detaljerte planar som omhandlar prioritering av ressursar og gjennomføring av konkrete tiltak.

¹ Kjelde: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cc2c53c65af24b8ea560c0156d885703/nasjonale-forventninger-2019-nn.pdf>



Figur 3: Planlegging – strategisk (langsiktig) og taktisk (kortsiktig)

Planane til kommunen skal henge saman, og dekke behova for kommunen si deltaking i utvikling av samfunnet og kommunen si eiga utvikling i organisasjonen.

Kommuneplanen sin samfunnsdel er den overordna planen som skal gi retning for korleis vi ønskjer at utviklinga skal vere. Kommunedelplanane og temaplanane handlar om ulike satsingsområde som er strategisk viktige for å komme dit vi vil, eller unngå å hamne der vi ikkje ønskjer å vere.

Kommuneplanen sin arealdel viser samanhengen mellom framtidig samfunnsutvikling og arealbruk.

Dei aller fleste planane i Stad kommune vil vere tverrfaglege. Dette inneber at dei er meir retta mot samfunnsutfordringar. Tradisjonelt er mange planar utarbeidd med utgangspunkt i kommunale einingar.

På sikt er det ønskjeleg å redusere talet på planar. I første omgang vert det prioritert å slå saman eldre planar frå Eid og Selje, og å bygge planane opp etter ein struktur der alle planane nyttar samfunnsdelen som det overordna målbildet.

Planarbeidet må fordelast utover kommunestyreperioden, då det er avgrensa ressursar og kapasitet til å gjennomføre planarbeid. Tidspunkt for oppstart er sett med utgangspunkt i kva planar som bør kome først og sist i plansystemet. Kommuneplanen sin samfunnsdel og arealdel er prioritert høgt, då desse vil vere viktige for utviklinga av den nye kommunen.

Planstrategien syner den delen av plansystemet som blir vedteken politisk. I tillegg er det fleire planar i organisasjonen som vert vedtekne administrativt. Til dømes skal einingane årleg utarbeide verksemdplanar for å sikre iverksetjing av tiltak i organisasjonen.

3 Planarbeid 2020-2023

Planarbeid i kommunestyreperioden 2020-2023 Planar som skal vedtakast av politiske organ	Ny plan	Revisjon er ikkje prioritert	Når skal arbeidet starte?					Plantype	Ressursbehov (utover ordinær drift)
			Årleg	2020	2021	2022	2023		
Kommuneplanen sin samfunnsdel	X			X				K	
Strategisk utviklingsplan - Strategi for stadutvikling - Strategisk næringsplan - Reiselivsstrategi		X						T	
Digitaliseringstrategi	X					X		T	
Strategi for klimaomstilling	X					X		T	
Bustadsosial handlingsplan	X			X				T	
Plan for mottak av flyktningar og integrering	X			X				T	
Rusmiddelpolitisk handlingsplan	X			X				T	
Handlingsplan mot vald og overgrep i nære relasjonar	X				X			T	
Kommunedelplan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv	X				X			KD	
Kommunedelplan for oppvekst	X				X			KD	
Kommunedelplan for helse og omsorg	X				X			KD	
Kommunedelplan for veg og trafikktrygging Sykkelstrategi	X			X				KD	
ENØK-plan	X					X		T	
Breibandstrategi	X				X			T	
Plan for vatn, overvatn og avløp	X			X				T	
Frivilligpolitisk plattform	X			X				T	
Kulturplan	X			X				T	
Kommunedelplan for kulturarv	X					X		KD	
SMIL- tiltaksstrategi for spesielle miljøtiltak i jordbruket og nærings- og miljøtiltak i skogbruket	X			X				T	
Avfallsplan for hamner	X						X	T	
Kommunikasjonsstrategi	X			X				T	
Plan for bruk av kommunal eigedom	X					X		T	
Arbeidsgjevarepolitisk plattform	X					X		T	
Helse- miljø og tryggleiksplan (HMT-plan)	X				X		X	T	Revisjon annakvart år
Kompetanse- og rekrutteringsplan	X		X					T	
Lønspolitisk plan	X		X					T	
Lærlingstrategi	X		X					T	
Retningslinjer for heiltidskultur	X		X					T	

	Ny plan	Revisjon er ikke prioritert	Når skal arbeidet starte?					Plantype	Ressursbehov (utover ordinær drift)
			Årleg	2020	2021	2022	2023		
Kommuneplanen sin arealdel	X			X				K	
Kommunedelplan for differensiert forvaltning av Hornindalsvassdraget (Interkommunal plan, Eid, Hornindal og Stryn)		X						KD	
Kommunedelplan for ferjefrikryssing Lote-Anda (Interkommunal plan, Eid og Gloppen)		X						KD	
Kommunedelplan for sjøområda i Eid og Selje (Interkommunal plan, Eid og Selje, under arbeid)		X						KD	
Nye reguleringsplanar som skal utarbeidast av Stad kommune									
Detaljreguleringsplan for kommunalt bustadfelt – Bryggja	X			X				R	450 000,- (eventuelle utgifter til grunnundersøkingar og arkeologiske registreringar kjem i tillegg)
Detaljreguleringsplan for kommunalt bustadfelt – Haugen krins	X					X		R	450 000,- (eventuelle utgifter til grunnundersøkingar og arkeologiske registreringar kjem i tillegg)
Detaljreguleringsplan for gang- og sykkelveg – Riksveg 15, Indre Røed til Stårheim sentrum	X						X	R	5 000 000,-
Reguleringsplan for Selje sentrum	X				X			R	Er finansiert
Reguleringsplan fylkesveg 620	X				X			R	Er finansiert
Reguleringsplan for Vestkapp/Vestkappvegen	X				X			R	Er finansiert
System for beredskap									
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse	X		X						
Overordna beredskapsplan	X		X						
System for plan til handling og evaluering									
Kommuneplanen sin handlingsdel	X		X						
Økonomiplanen	X		X						
Årsbudsjettet	X		X						
Årsrapport, årsmelding, rekneskap og tertialrapport	X		X						

Plantype: K – Kommuneplan, KD – Kommunedelplan*, T – Temaplan, R – Reguleringsplan.

*Kommuneplanen, kommunedelplanar og reguleringsplanar skal utarbeidast i tråd med reglane i plan- og bygningslova.

4 Retningslinjer for planarbeid

Ved oppstart av planarbeid skal strategisk leiargruppe drøfte formål og behov. Dette må leggest til grunn ved utarbeiding av forslag til prosjektplan eller planprogram. Formålet med ei slik drøfting er å på sikt redusere omfanget av kommunale planar. Vi ønskjer færre og kortare planar.

Planarbeidet bør ha ei god oppbygging

- del 1 med kartlegging av status, utviklingstrekk, behov og utfordringar
- del 2 med delmål, satsingsområde og tiltak

Plandokumenta må vere enkle å forstå.

Det er viktig at planane heng saman med kommuneplanen sin samfunnsdel som den overordna planen. I planane må også kommunen si rolle i vidare arbeid definerast. Formålet med dette er å sikre at planane vert følgt opp i praksis.

Ved utarbeiding av planar skal det gjerast ei vurdering av kva aktørar som må vere med for å bidra med relevant kunnskap om behov, utviklingstekk og status, og kva aktørar som må vere med for å bidra til realisering av tiltak. Ulike aktørar bidreg med ulike perspektiv. Formålet med å la aktuelle aktørar delta i planarbeidet er å oppnå ein koordinert innsats der fleire aktørar samhandlar for å oppnå felles mål om ønska samfunnsutvikling.

Planarbeidet skal nærme seg tema med eit vidsyn, der ein set innbyggaren eller brukaren av ei teneste i fokus og tenker utanfor tradisjonelle sektorar.

Planprosessar og vedtekne planar skal vere lett tilgjengelege via Stad kommune si heimeside, slik at aktørar i lokalsamfunnet kan følgje med og vere kjent med kommunen sine planar.

Avdelingane i kommunen skal følgje opp vedtekne planar og planarbeid i sine verksemdplanar. Formålet med det er å sikre gjennomføring av tiltak og sikre at det vert sett av ressursar til å gjennomføre planarbeid.

For å sikre gjennomføring av planlagde tiltak i samarbeid med lokalsamfunnet, bør kommunen følgje opp planane gjennom bindande avtalar med aktuelle aktørar.

Strategisk leiargruppe skal delegere ansvar for å starte opp det enkelte planarbeid i organisasjonen, slik at oppstart kan leggest fram for politisk behandling i tråd med framdriftsplanen. Tidsramme og andre rammer for den enkelte prosess vert bestemt i eige planprogram eller prosjektplan for det enkelte planarbeidet. Planprogrammet skal behandlast politisk. Prosjektplanen skal som hovudregel behandlast politisk.

5 Eventuell revisjon av planstrategien

Det vil vere relevant å vurdere ein revisjon av planstrategien når kommunen har vedteke samfunnsdel, og fylkeskommunen og nabokommunane har vedteke sine planstrategiar. Slik kan ein med utgangspunkt i

samfunnsdelen få eit enkelt og oversiktleg plansystem som sikrar at kommunen har mål og satsingsområde å jobbe mot i kommunestyreperioden.